

Telttur til Nakkeberget – ein årleg tradisjon

Etter 11 år som instruktør i idrettsskulen har eg mange minne som er både spesielle og morosame. Særleg turane i friluftsliv har vore sær sære opplevingsrike.

Å kome opp på det idylliske Nakkeberget med 30 forventningsfulle, spente og ivrige idrettsskuleborn på tettur ein sommarkveld i juni er berre topp. Alle er ivrige etter å finne den beste teltstaden, finne ut kvar den beste gøymestaden er for ”ping pong blekkboks”, eller leite etter kvar vi skal rigge oss til med bålplass for kvelden. Det tuskar og knekk i busker og kratt, lyden av barn i arbeid er koseleg og fin. Foreldra som har vore med på å bere sekkar og last er no gått heim og vi er overlatt til naturen og oss sjølve. Leiken er i full gang, pulsen er høg hos mange i leiken, andre ligg godt gøymd bak ein trestamme eller ein åsrygg og ventar på å bli funnen. Nokon ser ein hoggorm og blir litt oppskaka, men den forsvinn fort i larmen av menneske, andre ser også ormen noko seinare, men Bjørg trur at det er ”filming”. Då Bjørg og Espen neste morgon skal hente vatn i grova ”går dei seg på” ein hoggorm. OK, då var det sant då, det med ormen!

Snart er det tid for å spidde pølser og pinnebrød på bålet... og synge eller fortelje skumle skrøner, og kose seg inn i sommarnatta (som denne tida er lys, heile natta). Mange ynskjer å gå tidleg til sengs for å kose seg i teltet saman med kameratar. Kortspel, snop og ”labanleiken” er på programmet.

Brendsnut og svele. Utpå natta er det alltid nokon som luskar, vi veit ikkje om det er dyr eller folk. André Brudevoll og co. var dei verste luskarane, men dei beste leirfolka. Ingenting mangla når André var med; presenningar, bjørkaved, stormkjøkken, spesial..ditt og spesial...datt.

Susanne blei eit år vekt av ein hjort som trampa over sletta ovanfor leirplassen.

Ein ivrig hakkespett heldt oss vakne tidleg ein morgon eit anna år.

Ei natt klokka fire var det plutseleg to ”karar” som heldt på å pakke saman for å dra heim.

Heimlengselen hadde plutseleg kome over dei, og berre ein tanke var klar. Dei skulle heim!

Men Bjørg tok alle sine overtalingsevner i bruk og klarte til slutt å overbevise dei om at å bli var det einaste rette.

Ein annan opplevingsrik tur var då det regna slik om natta at fleire telt hadde søyler inne i botnen og ungane måtte flytte inn hos andre eller til lavoen som vi hadde tatt med.

Andre aktivitetar som kanskje barna vil hugse i framtida er nok dei gode brendsnutane vi kokte i storgryte over grua med: potet, gulrot, kålrot, kål, purre og pølsebitar. Eller svelene som blei steikte på ”takke” over bålet.

Teltturane til Nakkeberget vil nok bli hugsa, og kanskje også vere ”eit pådriv” til vidare aktivt friluftsliv mellom ungane i framtida.

Bjørg Frøystad Hole